



Alsaker Fjordbruk AS
Flakkavågsvegen 12
5694 ONARHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2751 - 19/3857

Saksbehandlar:

Dato:
21.02.2019

Godkjenning - Igangsettingsløyve for heile tiltaket - gbnr 43/27 Ryland

Administrativt vedtak. Saknr: 37/2019

Tiltakshavar: Alsaker Fjordbruk AS

Ansvarleg søker: Alsaker Fjordbruk AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Det er søkt om igangsettingsløyve for heile tiltaket - planering av terreng og utfylling i sjø på gbnr. 43/23, 76, Ryland.

Arealet som skal planerast er markert på kartet under, og er vist med eit areal på 1250 m² (kote +2), 1400 m² (kote +4) og 2250 m² (kote +6). Utfylling i sjø er markert med mørk lilla farge, og utgjer eit areal på 1500 m² (til kote +2).

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak DS 18/2019, dagsett 04.02.2018.

Postadresse


postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



VURDERING:

Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf pbl § 21- 3 . Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar og det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling.

Plassering av tiltaket, høgd og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast om vist på situasjonskart motteke 06.12.18 og godkjent i samband med søknad om rammeløyve. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Planering av terreng, som ikkje medfører meir enn 3 meters avvik frå opphavleg terrengnivå kan ha ein avstand på inntil 1 meter frå nabogrenser, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 bokstav e) nr. 7. Planering med meir enn 3 meters avvik må ha ein avstand til nabogrenser på minst 4 meter. Administrasjonen føreset at dette vert ivareteke under planeringa.

Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Andre instansar:

Det ligg føre vedtak frå Arbeidstilsynet med samtykkje til planane, datert 10.01.19.

Det ligg føre vedtak frå Bergen hamn med samtykkje til planane, datert 20.02.19.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 2, dagsett motteke 07.02.19, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl kapittel 23.

Avfall:

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Det skal leverast inn kopi av avfallsrapport for tiltaket før det kan gjevast ferdigattest.

Ferdigstilling:

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket - planering av terreng og utfylling i sjø på gbnr. 43/23, 76, Ryland i samsvar med søknad med vedlegg motteke 07.02.18 og tilleggsopplysningar motteke 21.02.19 på følgjande vilkår:

- *Vilkår satt i vedtak frå Arbeidstilsynet og Bergen hamn må fyljast opp.*
- *Vilkår i rammeløyve av 04.02.19 må fyljast opp.*

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 07.02.19, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal

grunngevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggjesaksansvarleg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om igongsetting GBNR 43/27, 76
G3-erkl-ansv-grunn
G4-gjennomføringsplan-v2

Kopi til:

Salar Bruk AS	Flakkavågsvegen 12	5694	ONARHEIM
---------------	-----------------------	------	----------

Mottakarar:

Alsaker Fjordbruk AS	Flakkavågsvegen 12	5694	ONARHEIM
----------------------	-----------------------	------	----------